

- P** Parkering
- T** Tursti til Lomseggen
- T** Turstig til Bordvassvegen, Læshø og Tronoberget
- U** Umerka sti
- T** Tidsaksen
- I** Utsiktspunkt
- I** Turistinfo
- B** Besøksenter nasjonalpark



## Nr. 1 Setervegen til fjells

Sjå Rondane i aust, Dovrefjell og Reinheimen i nord, Breheimen i vest og Jotunheimen i sør. Galdhøpiggen får du sjå om du tek avstikkaren opp på Læshø!

**1a** Frå rundkøyringa midt i sentrum går du ca 150 meter austover langs riksveg 15. Før du kjem til Fosshheim hotell tek du til høgre oppover Ulstadvegen. Midt i ein u-sving tek stigen av inn på jordet. Stigen dreier så rett oppover jordet og opp i inngjerda beitemark. Ta til høgre i stigdelet for å følge rute 1a (i neste vegdele kan du ta ei kort rute, 1d, mot Nonshaug). Stigen passerer tregrensa og går vidare til Skutlan. Nå er du på det høgaste punktet på denna ruta (1070 m.o.h.).

I stigdelet på Skutlan kan du gå rute 1b mot Læshø eller rute 1c mot Myrskardet (sjå avsnitt lenger ned). Stigen 1a mot Soleggen held fram i austleg retning, sør for sjølve toppen, til setra Stymme. Følg setervegen vidare til Soleggen. Etter 10 min når ein stigdele til Læshø. Lett unnabakke ned til demninga ved vatnet Ausa. Gå

rundt vatnet på høgre sida og opp slak motbakke til du når vegdelet mot Læshø (rute 1b). Ved neste vegdele bryt du av til venstre. Etter kvart kjem du til ein skogsveg og stigdelet mot Nonshaug (rute 1d). Rute 1a går vidare nedover skogsvegen. Kryss bekken Læsa og ta til venstre til du er rett ovanfor den gamle garden Skjæsar. Følg vassvegen til stigdelet i starten av ruta.

**Du kan variere rute 1a med desse alternativta:**

- 1b** Lom – Skutlan – Læshø (1204) – Lom. Totalt tidsbruk: 4,5 timer
- 1c** Lom – Skutlan – Myrskardet – Lom. Totalt tidsbruk: 4 timer.
- 1d** Lom – Nonshaug – Lom. Totalt tidsbruk: 2,5 timer.



## Nr. 3 Kulturstigen Bordvassvegen

Bordvassvegen er ein kulturstig der du følgjer ein gamal vassveg og får kjennskap til historia rundt vatningskulturen i Lom. Turen går på solsida i slak helling og er ein fin tur også om været ikkje er det beste.

Kulturstigen har eigen informasjonstavle bak Norsk fjellsenter. Ruta til Bordvassvegen er merka med raude merke. Du kan følge rutebeskrivelse for ruta til Lomseggen (gul merking) til den skil lag med ruta for Bordvassvegen. Vidare følgjer du raud merking for å gå langs Bordvassvegen. Frå Bordvassvegen kan du fylgje vatnet ned til Nordgard Aukrust (bio-dynamisk sidan 1986), med hagar til glede og nytte.

**Turinfo:**

- Bordvassvegen går gjennom Andvords-trædet der det er dyr i inngjerda beitemark om sommaren. Dersom du vil omgå beitedyra fylgjer du gul merking ovanfor trædet fram til du møter fyrste skogsvegen. Her går du nedover vegen til venstre og du møter att Bordvassvegen berre nokre meter ned i bakken.



## Nr. 2 Lomseggen

På denne turen går du inn i Breheimen nasjonalpark. Over tregrensa opnar utsikta seg til nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Rondane. I vest skjer Bøverdalen seg inn mellom dei høgaste toppane i Noreg og du har fint utsyn mot den høgaste av dei alle, Galdhøpiggen (2469 moh).

Frå rundkøyringa i sentrum kryssar du brua over Bøvre og dreier til venstre opp forbi Norsk fjellsenter. Gå forbi Storstabburet og ta til venstre når du møter den asfalterte Solsidevegen. 200 meter etter herskapelege Sygard Andvord tek stigen av til høgre. Her er det skilta til Lomseggen, Bordvassvegen og Tor Jonsson-stuggu. Etter rundt 300 meter skil Bordvassvegen (raud merking) og ruta til Lomseggen (gul merking) lag.

Ruta passerer Smith-hytta på 1150 moh og går i ein stor buie opp til det framre punktet på Lomseggen. Frå Lomseggen kan du gå same veg attende eller følgje ruta vidare austover. Ruta går nedover eit drag i fjellet, noko bratt ned ved tregrensa. Følg skogsvegen eit par hundre meter før ruta fortset på stig ned gjennom skogen. Når du er nesten nede går du gjennom ei grind, krysser ein

bustadveg, går rett ned Hovsvegen og til venstre når du møter Solsidevegen. Følg denne i 200 m, ta til høgre på asfaltert veg i retning Lom sentrum.

**Turinfo:**

- Fram til midten av juni kan det vera mykje snø på nordsida av ruta. Spør korleis tilhøva er i turistinformasjonen/Norsk fjellsenter.
- Tor Jonsson-stuggu er ope for omvisning på førespurnad, meir info på turistinformasjonen.
- Smith-hytta på 1150 moh er ei steinbue som vart bygd for ein tysk biletkunstnar rundt 1890.

**Nr. 5 Via Ferrata Lomseggen**  
Nissegården Hytter og Aktiviteter tilbyr klatrestigen «Via Ferrata» til Lomseggen. Informasjonsfilm, billett og klatreutstyr er påkrevd. Henvend deg i resepsjonen.



## Nr. 4 Tronoberget

Ein tur nær Reinheimen nasjonalpark med fantastisk utsikt ned mot Lom sentrum og over mot Lomseggen med toppane Eggjapiken (1524 moh) og Storivilen (2064 moh). Lengst bak ruver Loftet (2170 moh). Frå toppen av Tronoberget ser du inn i Finndalen landskapsvernområde og Reinheimen nasjonalpark.

**4a** Frå rundkøyringa i sentrum kryssar du brua over Bøvre ved fossen. Rett ved bruenden går du til høgre ned til elva og over utleggsbrua (dette er ein del av Bergomsrunda). Følg elveforbygginga langs Bøvre til Tronodden. Stigen går opp ved bruenden på nordsida av Ottaelva. Ruta svingar seg opp i terrenget i glissen furuskog mellom små hamrar, litt bratt av og til. Turen til toppen er ein liten avstikkar (150 m) frå skilta vegdele ned mot Grjotheim.

Frå Tronoberget er det skilta til Geittupphøe, 60 minuttar tur-retur. Ruta ned mot Grjotheim er ikkje så bratt som opp frå Tronodden. Vegen attende til Tronodden er lite trafikkert og grei å gå.

**4b** Tronodden til Staurustberget, fylg rute 4a til Tronodden. Ruta går langs vatnet nordvestover frå bruenden. Lett tur godt skjerma for nordavinden.



# Velkommen til Lom nasjonalparklandsby

## Fotturar Lom nasjonalparklandsby



Lom er staden der du kan få natur- og kulturoplevingar utanom det vanlege. Om lag 90% av kommunen er brær og natur og forvarte ressursane slik at dei kan kome og så framtidige generasjonar til gode. Som gjest i Lom kan du ta del i dette arbeidet ved å kjøpe lokale produserte varer, nytte tilbod frå guider for å besøke ein nasjonalpark. Nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen ligg i Lom kommune. Framfor alt ynskjer vi at dykk vil nytte tida i Lom! Velkome som gjest hos oss nå og i framtida.

For meir informasjon om Lom og Jotunheimen, se [www.visitjotunheimen.no](http://www.visitjotunheimen.no)

Illustrasjon: Stein Lunde • Design: Lasse Jørgen • Foto: Kjetil Sten • Anslagslengde: 600 • Foto: Nylis • Trykk: Grand


# Bergomsrunda - der natur møter kultur

Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstadar i Nasjonalparklandsbyen som har status som nasjonalparklandsby, og ein naturleg innfallsport til Reinheimen og Breheimen, uteserveringar, kafear, butikkar, mange flotte turalternativ.

På Fossbergom er det eit yrande liv i sommarmånadene Noreg som har status som nasjonalparklandsby, og ein naturleg innfallsport til Reinheimen og Breheimen, uteserveringar, kafear, butikkar, mange flotte turalternativ.

Nasjonalparklandsbyen ligg flott til under mektige Lomseggen, Midt i sentrum fynn elva Bøvre kvit og vill utor Prestfossen.

Velkommen til Lom nasjonalparklandsby!



**1 Lom stavkyrkje**  
Lomskyrkja er ei av dei største stavkyrkjene i landet og er datert til å vera frå 1158–59. Kyrkja er framleis hovudkyrkje i Lom. Frå mai til septembar er det gudning, elles i året på bestilling.



**2 Loar**  
Her ligg den gamle prestegarden i Lom. I dag finn du bibliotek, stavkyrkjesenter og utsal av lokalproduisert handverk og suvenirar på Loar (Loarutsaligel).



**3 Steinfoset**  
Steinfoset er eineståande i sitt slag, og er størstabyrtet i landet. I stabbur er storste staburet i landet. I stabbur er det i dag ei flott utstilling om den gamle vatingkulturen i ottadalsbygdene.



**4 Storstabburet**  
Storstabburet er frå 1613, og er det største staburet i landet. I stabbur er det i dag ei flott utstilling om den gamle vatingkulturen i ottadalsbygdene.



**5 Lom bygdamuseum – Presthaugen**  
Lom bygdamuseum ligg i Presthaugen, som er datert til 1613–1900. Det er merka stig rundt med 22 verneverdige bygningar frå 1800-talet.



**6 Norsk fjellstøter**  
Sjå utstillingar og få informasjon om turar og Breheimen. I butikken på fjellstøter kan du kjøpe turkart, fjellbøker for små og store, lokalt handverk og suvenirar.




**7 Prestfosstraversen (zipline) vert etablert i Lom for mer info.**  
Prestfosstraversen (zipline) vert etablert i Lom for mer info.



**8 Utsadbua**  
Utsadbua er ei flott utstilling om den gamle vatingkulturen i ottadalsbygdene.



**9 Bakeriet i Lom**  
Et av landets mest kjente bakerier, starta av msterkøkk og baker Morten Schækenda. Matservering finn du elles på Smak i Lom, Brimbu, Sentral'n, Fossberg, Fossheim, Nordal, Amore, Esso og Best.



**10 Vassvåglen**  
Eit gammalt ordtek i Lom seier «Gjev Vårherre oss sol, skal oss skaffe væste sløyve». Vårn var ein knapp ressurs, og det var viktig at minst mogleg gikk til spille. Vassvåglen vart reist av Lom kommune i 1985.



**11 Tor Jonsson-støien**  
Minstein for den landskjende Ivrakaren Tor Jonsson (1916–51), fadd og oppveksten i Lom. Tor Jonsson tok sitt eige liv i 1951, og fekk Litteraturkritikerprisen post mortem.



**12 Fossheim hotell**  
Medlem av «De historiske hotell og spiseseder». Fossheim har eit tradisjonelt kjøken som nyttar råvarer frå lokale Fossberg hotell og Nordal turstøter er alle familiedrivne hotell med mer enn 100 år lange tradisjonar, og same familiane har driva dei heile tida.



**13 Tidsaksen**  
Tidsaksen flygjer delvis Bergomsrunda (markert med kvit stipla line) og gjev deg innblikk i Jorda si 4500 millionar år gamle historie.



**14 Fossheim steinenter**  
Geologisk museum med den største utstillinga av norske mørel og smykkesteinar i landet. Galleri, smykkeutsal og verkstad der du kan få hjelp til å klassifisere steinfunn.



**15**  
Lom er bygd som ei utleggsbru frå 1700-talet, og er vidareutvikling av dei eldste brukonstruksjonane vi kjenner – av Bergomsrunda. Brua bind saman turstignettet på begge sider av elva Bøvre og er eit fint utgangspunkt for turar til m.a. Lomseggen, Børvassveggen og Læshø.



**16 Utleggsbrua**  
Brua er bygd som ei utleggsbru frå 1700-talet, og er vidareutvikling av dei eldste brukonstruksjonane vi kjenner – av Bergomsrunda. Brua bind saman turstignettet på begge sider av elva Bøvre og er eit fint utgangspunkt for turar til m.a. Lomseggen, Børvassveggen og Læshø.



**17**  
Brua er bygd som ei utleggsbru frå 1700-talet, og er vidareutvikling av dei eldste brukonstruksjonane vi kjenner – av Bergomsrunda. Brua bind saman turstignettet på begge sider av elva Bøvre og er eit fint utgangspunkt for turar til m.a. Lomseggen, Børvassveggen og Læshø.

**Praktisk informasjon**

Alle rutene er merka med raudt eller gult.

- Det viktigaste på desse turane er gode sko, mat og drikkere alltid godt å ha med. Nokre passar er det litt bratt men ikkje vanskeleg.
- Turstinformasjonen kan gje deg mer informasjon om turane.

www.visitjotunheimen.no

**Tidsaksen** **Turistinfo** **Besøkkenter nasjonalpark**

**Parkering** **Turistinfo** **Besøkkenter nasjonalpark**

**Turistinfo** **Besøkkenter nasjonalpark**

**Turistinfo** **Besøkkenter nasjonalpark**

**Turistinfo** **Besøkkenter nasjonalpark**